

Hordaland Mållag  
Kong Oscarsgate 15  
5017 BERGEN

Dato: 03.04.2018  
Vår ref.: 2014/12059-6  
Saksbehandlar: lislie

Att. Erlend Bakke

## Svar på brev: Kvifor kunngjering på bokmål frå Hordaland fylkeskommune

Vi takkar for Dykkar brev av 21. mars 2018. Vi set pris på tilbakemeldinga frå Hordaland Mållag. Vi seier oss leie for at De ikkje har fått svar på brev av 18. november 2017 og purring 28. februar 2018.

Hordaland fylkeskommune har fem vaksenopplæringsssenter knytt til vidaregåande skular i Hordaland. Desse er knytt til Bergen Katedralskole, Åsane vidaregåande skole, Sotra vidaregåande skule, Stord vidaregåande skule og Voss gymnas. Sentra ved Bergen Katedralskole og Åsane vidaregåande skole er dei største sentra med flest deltakarar. Skulane ligg i ein bokmålskommune, Bergen, og nyttar bokmål som hovudmål. Dei tre andre skulane nyttar nynorsk.

Primær oppgåva til vaksenopplæringsssentra er å gje vidaregåande opplæring til vaksne som har lovfesta rett til slik opplæring. Tilboda gjeld både yrkesfagleg opplæring og studiekompetansefag. I 2017 oppretta vaksenopplæringa 1150 nye kursplassar. 50 prosent av dei vaksne er minoritetsspråklege.

Tal frå SSB viser at nær 40.000 hordalendingar i alderen 20-49 år har grunnskule som høgaste utdanning. Dette er primærsøkarane til vaksenopplæringa. Ny lovgiving frå 1. august har dessutan gitt lovfesta rett til utdanning til grupper som har utdanning frå eit anna land som ikkje er godkjend i Noreg.

For Hordaland fylkeskommune er det viktig å annonsere kva tilbod vi har til vaksne grupper med lovfesta rett til vidaregåande utdanning. Annonsering i aviser er viktig i dette arbeidet. Tilboda ved sentra på Sotra, Stord og Voss blir annonserte i lokalaviser på nynorsk, som er målforma både i dei aktuelle kommunane og ved skulane.

I Bergens Tidende har vi vald å annonsere på bokmål. Grunngevinga er mellom anna at skulane som er lokalisert i Bergen nyttar bokmål. Viktigare er det at vi her finn den største delen av minoritetsspråklege søkarar som har fått norskopplæring på bokmål. Omsynet til at brukarane forstår bodskapen veg i denne samanheng tyngre enn omsynet til administrasjonsmålet til Hordaland fylkeskommune.

Linda Farestveit  
seksjonsleiar

Lise-Merete Lien  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*